



Vår dato:

14.02.2019

Vår ref:

2019/285

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Til
Miljødirektoratet

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom Dybwad, 5764 3123

Kvist naturreservat - Fylkesmannen tilrår å opprette naturreservatet i medhald av naturmangfaldlova etter prosedyren for frivillig skogvern

Fylkesmannen tilrår opprettning av Kvist naturreservat i Balestrand kommune i medhald av naturmangfaldlova og etter prosedyren for frivillig skogvern etter at saka har vore på høyring.

Bakgrunn

Sidan St.meld. 25 (2002-2003) «Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand» har frivillig vern, saman med vern på statsgrunn, vore ein av hovudstrategiane for vidare vern av skog i Noreg. Frivillig vern inneber at det er grunneigarane, i samarbeid med skogeigarlaget, som tilbyr staten areal for mogleg vern. Dersom verneverdiane er så store at miljøstyremaktene finn det interessant, vert det så starta forhandlingar mellom staten og grunneigarane. Det vert då forhandla både om avgrensing, verneforskrift og pris, og det vert ikkje inngått avtale om vern med mindre partane vert samde.

Fylkesmannen sende ut brev den 08.03.2018 med melding om oppstart av vern av Kvist naturreservat til dei som saka vedkjem. Framleggget om å opprette naturreservatet vart sendt på høyring 05.11.2018 med frist 15.01.2019 for å kome med fråsegn.

Områdevern er ikkje berre ei sak mellom grunneigarar og miljøstyremakter. Som for tradisjonelle ver neprosessar er det viktig med ei offentleg høyring der også andre instansar og samfunnsinteresser kan kome med merknader. Naturmangfaldlova §§ 41 og 42 krev også at alle som vernet vedkjem vert informerte når vernearbeidet tek til, slik at dei i god tid før høyringa er best mogleg informerte om korleis det planlagde verneområdet vil kunne gripe inn i deira interesser. Dette er ikkje mindre viktig ved frivillig vern, der forhandlingane med grunneigarane allereie har kome langt når den formelle delen av prosessen startar opp.

Aktuelt verneområde

Det planlagde verneområdet (sjå vedlagt kart) ligg ved Nessane i Balestrand kommune, er på om lag 1350 dekar, og gjeld gnr./bnr. 80/1, 81/1, 81/2 og 81/3.



Grunneigar på gnr./bnr. 80/1 har bestemt seg for å halde stølen Raundalen med stølsvollen utanfor naturreservatet fordi han ønskjer å stå fritt m.o.t. tiltak på stølen. Det gjeld å ha høve til å bygge oppatt eit sel på stølen dersom det vert aktuelt i framtida, og å slå og rydde stølsvollen. Det er ingen sel på stølen pr. i dag, men det står steinmurar etter to sel og ei utløe. Sidan stølen Raundalen ikkje vert ein del av naturreservatet, vil ikkje verneforskrifta gjelde der. Handsaming av ein eventuell søknad om oppføring av eit sel på stølen vil då skje i medhald av plan- og bygningslova med kommunen som avgjerdssstyremakt. Fylkesmannen har ikkje sett avgrensinga med at ein ikkje verner ein enklave kring stølen Raundalen som noko problem for oppretting av naturreservatet etter ordninga med frivillig skogvern.

Verneverdiar i området

Verneverdiene i Kvist er godt kartlagde og er godt kjende, og består av rik edellauvskog av lågurtutforming, jf omtale i Naturbasen (2015). Tilbodet dekkjer omlag området «Raundalen – Kvist» som er omtala i Naturbasen (1367 dekar):

«Verdibegrunnelse

Lokaliteten får verdi A – svært viktig. Den er stor, og har et ganske stort artsmangfold som inkluderer en del arter som er typisk for edellauvskog. Dette er antagelig en av de største lindeskogene på nordsiden av midtre Sognefjorden, med flere hundre lind. I tillegg finnes her en god del gamle edellauvtrær, til dels som grove styvingstrær. Så langt er det funnet fire rødlisterarter og en ny art for Norge, og det er potensial for flere sjeldne arter.

Innledning

Beskrivelsen er lagt inn av Ulrike Hanssen 02.05.2012. Registreringen er gjort i forbindelse med andre gangs naturtypekartlegging i Balestrand kommune, på oppdrag for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og erstatter tidligere omtale i Naturbasen. Områdebeskrivelsen baserer på tidligere undersøkelser av Geir Gaarder (2002), og egen feltobservasjon den 18.09.2011. Området ble også undersøkt av John Bjarne Jordal og Harald Bratl i 2011.

Beliggenhet

Lokaliteten ligger mellom Kvist og Nessane, vest for fjellet Høghanhaug, i en bratt li. Terrenget er bratt og heller mot sørvest. I sørvest grenser lokaliteten til riksveg 55. Ellers går den gradvis over til fattigere blandingsskog i nordvest og sørøst, og til fjellbjørkeskog i nordøst. Jordsmonnet er stort sett veldrenert, men har også innslag av fuktigere partier. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis som migmatitt, noe som gir grunnlag for fattig vegetasjon. Lokaliteten har litt diffuse grenser og gradvis overgang mot fattigere skog både i retning mot Kvist/Kvistdal og Nessane.

Naturtyper

Ein av dei største lindeskogene på nordsida av midtre Sognefjorden. Både med omsyn til flora og vegetasjon er den representativ for "midtfjordsregionen", med ein blanding av oseaniske, nemorale og svakt kontinentale arter. Avgrenset lokalitet er en mosaikk av naturtypen rik edellauvskog (F01) av utforminga alm-lindeskog (50%) og høstingsskog (D18) av utforminga varmekrevende, frisk næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) (50%). Det er også innslag av naturbeitemark i nedre deler.

Artsmangfold

Vegetasjonen er representativ for "midtfjordsregionen", med blanding av oseaniske, nemorale og svakt kontinentale arter. Her forekommer innslag av kravfulle edellauvskogsarter som junkerbregne, breiflangre, svarteknapp, myske, lungrønaks og ramsløk. I et fuktig parti ble det funnet slakkstarr, en regionalt sjeldent edellauvskogsplante som inntil nylig ikke var kjent fra Sogn. Lungeneversamfunnet er brukbart utviklet på tre og bergvegger. Den oseaniske rødlisterarten skorpelav (NT) ble funnet på to asketrær. Av moser kan den nevnes suboseaniske arter som kveilmose og galleteppemose. Av trær finnes her mest bjørk, men også lind, hassel, eik, ask (NT) og alm (NT). Dette er antagelig en av de største lindeskogene på nordsiden av midtre Sognefjorden. Det forekommer minst 50 styvingstrær av ask, og flere hundre tidligere styvingstrær av lind. Mange av lindetrærne er grove og gamle, og det er også spredt med grov eik m.a. ei stor på rundt 1 m i diameter. I Artskart er det registrert funn av liten ramsløkflue (EN) på lokaliteten, observert av Tore R. Nielsen og Olav Overvoll i 2011 (Artskart 2012). På styvet lind ble her nylig funnet sopparten *Hydropus floccipes*, en ny art for Norge (pers. medd. Jordal 2011).

Påvirkning

Det forekommer en god del gamle, grove styvingstrær i lokaliteten, som kan sies å være del av et gammelt kulturlandskap. Det er en del år siden disse styvingstrærne har blitt styvet sist. Skogen er i aldersfasen, men det er liten andel død ved. Geiter beiter i området. Riksveg 55 går gjennom lokaliteten i sørvest.



Fremmede arter

Ingen registrert.

Skjøtsel

De gamle styringstrærne bør ikke hogges. Det ville være positivt om styringen tas opp igjen for noen av de gamle styringstrærne, samt at en også etablerer nye, unge styringstrær. Ellers bør lokaliteten ikke utsettes for terregninggrep.

Landskap

Det er flere innslag av både høstingsskog og rik edellauvksog i distriktet. Landskapet preges her ellers av fattigere blandingsskog, fjellbjørkeskog og Sognefjorden. Lokaliteten kan sies å være del av et helhetlig landskap.

Totalareal 1367 da»

Verneform

Naturreservat er den aktuelle verneforma i området. Naturreservat er ei streng verneform etter naturmangfaldlova, og § 37 i lova seier kva som er grunnlaget for eit naturreservat:

«§ 37. (naturreservater)

Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjeldan eller sårbar natur
- b) representerer en bestemt type natur
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskaplig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksamhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med verneverdaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Brukinteresser

Den nedlagde stølen Raundalen med eit sel ligg som ein enklave i det føreslårte naturreservatet, men er altså ikkje med i naturreservatet. Det er fleire gamle stiar i området, og desse kan ryddast og merkast. Hjortejakta i området kan ved vern som naturreservat halde fram som før.

Verneforskrift og grenser – framlegget som var på høring

Ved oppretting av eit naturreservat vert det utarbeidd særskilde verneforskrifter som fortel kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området, slik det går fram av framlegg til verneforskrift. Det vil bli forbod mot tekniske inngrep, hogst og motorferdsel. Beite, vanleg friluftsliv, fiske og vanlegvis også jakt vil vere lov. For eit naturreservat på Kvist har Fylkesmannen teke utgangspunkt i standard mal for skogområde som blir verna som naturreservat, og så teke inn innspel under oppstartmeldinga og frå grunneigarar dersom det er innspel som kan takast med utan å kome i konflikt med vernet. Det er fleire stiar og ferdselsvegar i området, og det vil vere høve til å merke og rydde dei eksisterande gamle stiane som er viste på vernekartet. Det er også teke inn eit punkt om at det vil vere høve til å hogge tre med rot diameter på mindre enn 20 cm til bruk som ved på stølen



Raundalen. Dette vil vere aktuelt dersom det ikkje er nok ved på stølsvollen som ikkje er med i naturreservatet.

Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av naturreservat. Kartet som er lagt ved, viser grensene i tråd med tilbodet og som Fylkesmannen tilrår.

Erstatning

Etter § 50 i naturmangfaldlova har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomisk tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Ved frivillig vern følgjer ein derimot ikkje den ordinære framgangsmåten ved fastsetjing av erstatning som er omtalt i § 51. Frivillig vern er basert på at partane har vorte samde, også om erstatninga. Difor kan erstatningssummane utbetalast så snart området er verna, utan å vente på dei fristane som er omtalte i § 51.

Grenser

Framlegg til grenser for naturreservatet følgjer grensene i tilbodet frå grunneigarane og går fram av vedlagde kart.

Eigedomstilhøve

Eigar av området som er tilbode er gnr./bnr. 80/1, 81/1, 81/2 og 81/3 i Balestrand kommune.

Namn

Namn på verneområdet er ein del av verneplanprosessen. Dei aktuelle namna gjennom verneplanprosessen har vore «Kvist» eller «Kviststrondi» naturreservat. Statens namnekonsulent har tilrådd eit av desse to namna. Det er ikkje komne fråsegner om namnet. «Kvist naturreservat» har vore namnet under heile verneprosessen, også i avtalen mellom staten og grunneigar om frivillig skogvern. Fylkesmannen tilrår på bakgrunn av dette at namnet skal vere «Kvist naturreservat».

Innspel til oppstartmeldinga

Det kom følgjande innspel til oppstartmeldinga som Fylkesmannen sende ut 08.03.2018:

Forsvarsbygg ber om at i det i forskrift til dei enkelte verneframlegga vert teke inn nødvendige unntaksreglar som ivaretak omsynet til militær operativ verksemrd. Dei ber også om at det særskilde unntaket for avgang og landing med Forsvarets luftfartøy vert teke med i forskrift slik at også omsynet til militær luftoperativ verksemrd vert ivaretake.

Statens vegvesen skriv at det er ønskjeleg frå deira side å få lagt inn eit areal til vegformål som ikkje vert verna, dvs. ei breidde om lag 10 meter frå vegkant på Fv55. Vegvesenet vil då vere i stand til å utføre naudsynt vegsikringsarbeid og trafikktryggingstiltak utan å kome i konflikt med verna område.

Direktoratet for mineralutvikling kan ikkje sjå at forslaget til vern får følgjer for kjende mineralressursar eller bergrettar og har difor ingen merknader.

Statnett har ikkje anlegg som er berørt av planane og har ingen merknader.

Språkrådet – Stadnamnenesta har ikkje innvending mot Kvist som namn, men skriv vidare at det er mogleg at namnet Kviststrondi er noko meir dekkande. Dei har ingen merknader til skrivemåtane Kvist og Kviststrondi.



Politiet Vest politidistrikt Politiet har ingen merknader til forslaget om naturreservat i Balestrand ved Kvist. Dei minner om at det i området er ein relativ stor flokk med geiter som går fritt (ikkje husdyr).

Fylkesmannen tok til følgje alle innspela som kom inn og innarbeidde dei i verneframlegget med forskrifter. Grensa for naturreservatet vart lagt ovanfor kraftlinja som går ovanfor Fv 55.

Fråsegner til høyingsframlegget og synfaring

Det kom fire fråsegner til høyingsframlegget;

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE føreset at verneområdet ikkje er til hinder for drift og vedlikehald av ei 22 kV kraftlinje på nedsida og utanfor av det planlagde naturreservatet.

Sognekraft som er områdekonsesjonær for 22kV kraftlinja, skriv av dei har vurdert at dette framlegget til naturreservat ikkje kjem i konflikt med eksisterande eller planlagde kraftlinjer eller drift og vedlikehald av desse.

Statens vegvesen region vest har ikkje merknadar til verneframlegget i og med grensa vert lagt meir enn 10 meter frå Fv 55.

Vest politidistrikt har ikkje merknader til sjølve framlegget. Dei kan ikkje sjå at framlegget er til hinder for jakt i området. Dei ser og at ein relativt stor geitestamme i området kan virke inn på grunntanken om naturreservatet.

Fylkesmannen er merksam på geitestammen, og sidan geiter er kjende for å ete på tre, og difor mange stader kan verte nyttar for å halde skog vekke, utgjer dei ein økologisk faktor som Fylkesmannen bør halde auge med. Ein har ikkje tal på kor mange dyr det gjeld, men truleg gjeld det noko meir enn 100 geiter som har levd i området sidan 1940 då dei sluttar med mjølkeproduksjon på ein av gardane i området. Geiteflokkene vart då overlate til seg sjølv. Geitene her er den same som den gamle vestlandsgeita (også kalla kystgeita). Geitene lever i området mellom Nessane og Lånefjorden, m.a.o. eit mykje større område enn framlegget til naturreservat. Verknaden av beitinga til geitene er avhengig av dyretal, og i moderat omfang kan geitebeiting vere positivt for planter som set pris på opningar i skogen. For andre artselement som lav og mose som krev skugge og stabilt tette skogbestand kan det derimot vere negativt. Det einskilde naturreservatet bør såleis forvaltas ut frå kva artselement som er viktigast å ta vare på nett her. Fylkesmannen har ikkje kunnskap som tilseier at geiteflokkene utgjer noko problem i det framtidige naturreservatet.

Fylkesmannen meiner at fråsegnene ikkje tek opp problemstillingar som rører ved framlegget om å opprette Kvist naturreservat. Heller ikkje under synfaringa 08.11.2018 kom det fram problemstillingar som gjer det aktuelt med endringar av framlegget på høyring, men vi fekk eit innblikk i kor viktig bruken av området har vore frå gamalt av.

Verneforskrift og grenser – Fylkesmannen si tilråding

Det er ikkje kome fråsegner med innspel om endringar i verneforskrift og grenser. Fylkesmannen tilråd difor dei same grensene og verneforskrifta som var på høyring.



Saksgang vidare

Dette brevet er Fylkesmannen si tilråding til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil gå gjennom Fylkesmannen si tilråding og alle saksdokument før dei sender si tilråding til Klima- og miljødepartementet, som legg planen fram til endeleg avgjerd i regjeringa (Kgl. res.), truleg i juni 2019.

Adresselister

Kopi av dette brevet går til rettshavarar i det aktuelle området, lokale, regionale og nasjonale instansar og organisasjoner som kan ha interesse av vernesaka.

Vi ber om orsaking om det skulle vere feil og manglar ved adresselistene, og ber samstundes om tilbakemelding på manglar eller feil adresse o.l. til Fylkesmannen ved sakshandsamar.

Informasjon

Spørsmål om skogvernarbeidet kan rettast til

- seniorrådgivar Tom Dybwad, tlf 57 64 31 23, e-post fmsftd@fylkesmannen.no

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg:

- Kart med framlegg til Kvist naturreservat
- Framlegg til verneforskrift for Kvist naturreservat

Kopiadresseliste (m/vedlegg):

Norodd Baug (gnr/bnr 80/1), Kvist 1, 6899 Balestrand, norodd@tretema.no

Marit Nesse Wiik (gnr/bnr 81/1), Syltebærhaugen 5, 6995 Kyrkjebø, maritnw@hotmail.com

Oddbjørg Sande (gnr/bnr 81/2), Telthusvegen 9, 6893 Vik i Sogn

Kurt Langeteig (gnr/bnr 81/3), Henjavegen 1, 6863 Leikanger, kurla@frisurf.no

Balestrand kommune, postmottak@balestrand.kommune.no

Balestrand Bondelag v/ Jon Asbjørn Målsnes, jon.1954@hotmail.com

Balestrand skogeigarlag v/ Jan Myklebust, ja-my@online.no

Balestrand jeger- og fiskarlag v/ Marit Perny Haram Vannes, mpvannes@online.no

Balestrand og Høyanger Turlag v/ Knut Strømmen, knut.strommen@gmail.com

Nesse grendelag v/ Norodd Baug, norodd@tretema.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune, post@sfj.no

Vest Politidistrikt, post.vest@politiet.no




Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning, Sogn og Fjordane, post@hvl.no
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, sognogfjordane@naturvernforbundet.no
Norges Jeger- og Fisker forbund NJFF Sogn og Fjordane, sognogfjordane@njff.no
Norges vassdrags- og energiverk, region vest, rv@nve.no
Sogn og Fjordane Bondelag, sogn.fjordane@bondelaget.no
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, sognogfjordane@smabrukralaget.no
Sogn og Fjordane Skogeigarlag, post@sfskog.no
Sogn og Fjordane Skogselskap, brandsoyplanteskule@gmail.com
Sogn og Fjordane Turlag, sft@dnt.no
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, sognogfjordane@fnf-nett.no
Sogn og Fjordane avd. NOF v/ Anders Braanaas, anders.braanaas@enivest.net
Sognekraft, post@sognekraft.no
Visit Sognefjord, mail@sognefjord.no

Statens vegvesen region vest, firmapost-vest@vegvesen.no
Forsvarsbygg, postmottak.arkiv@forsvarsbygg.no
Norges jeger- og fisker forbund, njff@njff.no
Technogarden (nødnett), firmapost@technogarden.no
Norsk organisasjon for terrengsykling - NOTS, kontakt@nots.no
Stadnamntenesta på Vestlandet, post@sprakradet.no
Statnett, firmapost@statnett.no
Avinor, post@avinor.no
Direktoratet for mineralforvaltning, mail@dirmin.no
Universitetsmuseet i Bergen, post@umuib.no
Den Norske Turistforening, DNT, info@dnt.no
Det Norske Skogselskap, info@skogselskapet.no
Fortidsminneforeningen, post@fortidsminneforeningen.no
Luftfartstilsynet, postmottak@caa.no
Norges geologiske undersøkelse (NGU), ngu@ngu.no
Norges Naturvernforbund, naturvern@naturvernforbundet.no
Norges Skogeierforbund, post@skogeier.no
Norsk institutt for Naturforskning NINA, firmapost@nina.no
Norsk ornitologisk forening (NOF), nof@birdlife.no
Norsk Skogbruksforening NORSKOG, firmapost@norskog.no
Riksantikvaren, postmottak@ra.no
SABIMA, sabima@sabima.no
Universitetet i Bergen, Geologisk institutt, post@geo.uib.no
Verdens Naturfond (WWF Norge), wwf@wwf.no

Kopi pr. e-post m/vedlegg:
Miljødirektoratet, post@miljodir.no
Vestskog, post@vestskog.no
Klima- og Miljødepartementet, postmottak@kld.dep.no



Vedlegg 1: Kart framlegg til frivillig skogvern i Kvist, Balestrand kommune



**Vedlegg 2: Framlegg til verneforskrift for Kvist naturreservat****Forskrift om vern av Kvist naturreservat, Balestrand kommune, Sogn og Fjordane (framlegg)**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2019 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å verne eit av dei få store og lite påverka skogområda som er att i Vest-Noreg, med sitt biologiske og geologiske mangfold. Området er viktig for biologisk mangfold ved at det inneholder mange skogs- og vegetasjonstypar med både rik lauvskog og høgareliggende furuskog og bjørkeskog, der større delar har areal med urskogprega fjellskog men også høgproduktiv gammal låglandsfuruskog, og ved at det fanger opp ein kontinuerleg gradient frå fjord til fjell.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urord tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.:

Balestrand kommune: 80/1, 81/1, 81/2, 81/3

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 1740 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet juni (?) 2019. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Balestrand kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjærder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrann er forbode.

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet er fritt for vegetasjon etter retningslinjer i forvalningsplan
- f) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- g) Utplassering av saltstein for husdyr og storvilt.



- h) Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, bruer og andre anlegg og innretningar, i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- i) Merking og rydding av eksisterande gamle stiar vist på vernekartet etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- j) Rydding av stiar for ferdsel og sinking av beitedyr etter retningslinjer i forvaltningsplan slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.
- k) Rydding av vegetasjon og slått kring stølsvollen til stølen Raundalen etter retningslinjer i forvaltningsplan
- l) Hogst av tre med rot diameter mindre enn 20 cm til bruk som ved på stølen Raundalen etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- m) Ringbarking og felling av gran etter retningslinjer i forvaltningsplan.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

§ 6. (generelle unntak fra ferdelsreglane)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjelder ikkje øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmakten
- c) Bygging av nye klopper til erstatning for gamle
- d) Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- e) Naudsynt motorisert transport av ved, material og utstyr til hytter innanfor verneområdet.
- f) Naudsynt motorferdsel for å fjerne gran felt i samsvar med § 4 l.
- g) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og naudsynt motorferdsel for dette.
- h) Merking og rydding av nye og gamle attgrodde stiar, og oppsetting av turpostar.
- i) Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- j) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta.
- k) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g og h, og § 7 a, b, c og i.

**§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvalningsstyresmakta kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikke kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltningsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskriften.

§ 12. (ikrafttreding)

Denne forskriften trer i kraft straks.